

Undervisningsopplegg ein kan velge mellom på Hålandsdalen leirskole

Undervisningsdag til fots:

1. Skogsdag i nærområdet til leirskulen

Ein dag til fots med tema som allemannsretten, naturen, landskap, trær og planter. Bål på smågrupper. Gradorientering på ettermiddagen.

2. Fjelldag i nærområdet til leirskulen

Ein dag til fots med tema som allemannsretten, ferdselsveggar i fjellet og menneska si bruk av landskapet/naturen som t.d. stølar. Det kan vera aktuelt med buss alt etter kva fjell me vel å gå på.

3. Krigshistorie

Ein dag til fots mot Botnavatnet med åra 1944 – 1945 som bakteppe. Forteljingar om flyslepp, lokale motstandsmenn og planar om sabotasje mot tyske installasjonar i Bergen. Buss frå leirskulen til parkeringa v/Bygdastølen ski- og tursenter.

4. Postvegen over Bergsenden

Ein dag til fots frå Øvre Hålandsdal til Strandebarm. Fokus på ferdselsveggar i fjellet og mennesket si bruk av naturen. Buss frå leirskulen til Bolstad samt på returen frå Strandebarm til leirskulen.

Undervisningsdag på vatn:

5. Skogseidvatnet

Ein dag med kanopadling med tema som transport, handel og næring på og ved vassdrag. Buss til Eide og på returen frå Kilen til leirskulen.

6. Kikedalen

Ein dag med kanopadling med fokus på mellomalderhistorie og landskapsformer samt samspelet mellom mennesket, natur og kultur.

7. Vengsvatnet

Ein dag i robåt og/eller kano med fokus på fisk og ferskvatn. Kan også vera ein dag med ferskvannsøkologi, der ein ser på økosystemet i vatnet og finn ut leveforholda til fisken med å hente inn opplysningar om vatnet og måle K-faktoren på fisken.